



Justert ordning for hovudgudsteneste

Eit stjerneteikn () er sett til ledd der kyrkjelyden skal stå. Endringar av 2011-ordninga er merkt slik: Nye formuleringar har strek under. Formuleringar som fell bort er sett i parentes med lita skrift, og vert gjerne innleia med ordet «Utgår:». Når det er behov for ei kort forklaring til ei endring, står det i parentes med kursiv skrift og vert innleia med (NB.).*

I. samling

1 | Førebuing

Kyrkjerommet er ope ei stund før gudstenesta, med høve til stille, lystenning og bøn.

(Utgår: *kan vera ope*)

(Utgår: å tenna lys og sitja stille, i ettertanke og bøn.)

Klokkeringing

Her eller etter ledd 3 Helsing kan det vera:

Kort informasjon om gudstenesta i dag ved medliturg eller liturg

Informasjonen blir avslutta med

ML/L: «Lat oss vera stille for Gud»

(Utgår: eller ei anna formulering som førebur kyrkjelyden til å vera saman for Guds andlet.)

Kort stille

Tre klokkeslag

*2 | Inngangssalme

Som preludium kan det framførast vokal-eller instrumentalmusikk som svarar til dagens karakter. Til vanleg vert dette gjort som forspel til salmen.

Det kan vera prosesjon under preludiet/forspelet og/eller inngangssalmen. Prosesjonskross blir bore framst i prosesjonen. Lys, tekstbok, dåpsvatn, brød og vin kan òg bli bore inn, i denne rekkefølga.

Dersom brød og vin ikkje er sett fram på eit eige sidebord, eller på altaret før gudstenesta, blir dette bore inn i prosesjonen og sett på sidebordet eller på altaret.

Kyrkjelyden står under prosesjon, Inngangssalme og Helsing. (NB: Det tyder at kyrkjelyden alltid står under inngangssalmen, og ikkje berre når det er prosesjon. Det same gjeld sluttsalmen (pkt 22).)

(Utgår: Før inngangssalmen kan det vera eit preludium, normalt som forspel til salmen, eller ein korsong.)

*3 | Helsing (Utgår: Inngangsord)

Når det er dåp i hovudgudstenesta, vel ein eitt av dei to første inngangsorda.

Før dei to første alternativa til inngangsorda kan liturgen seia: Kjære kyrkjelyd.

L | Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

ELLER

L | Vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage andens samfunn vere med dykk alle.

ELLER

L | I namnet åt Faderen og (✠) Sonen og Den heilage ande.

ELLER

L | I namnet åt Faderen og (✠) Sonen og Den heilage ande:
Vår skapar, frigjerar og livgjevar.

Tekstar på samisk og kvensk, sjå side 00

Kyrkjelyden set seg.

Dersom kort informasjon om gudstenesta ikkje vart framført under ledd 1, kan det koma her.

(Utgår: Etter inngangsordet kan kyrkjelyden svara: **K | Amen.**)

(Utgår: Inngangsorda kan følgjast av innslag som peikar på særpreg og tema i gudstenesta.)

4 | Samlingsbøn

Samlingsbøn kan utelatast når syndsvedkjenninga er i samlingsdelen.

NB Samlingsbøner er på side 20-23 i dette dokumentet.)

(Utgår: Dagens bøn kan brukast som samlingsbøn, først og fremst på høgtidsdagar, sjå ledd 8.)

ML | Lat oss be. (Utgår: Lat oss takka og be.)

Samlingsbøner, sjå side 00

ML | Gud vi bed. (Utgår: Vi bed i Jesu namn.)

A | Amen.

5 | Syndsvedkjenning

Følgjer her, eller i ledd 16 (Utgår: kjem før forbøna. Sjå ledd 16.)

Alle bed syndsvedkjenninga høgt.

(NB: Når syndsvedkjenninga lyder i samlingsdelen (ledd 5), er det foreslått at følgjande kan-ledd fell bort: Før innleiingsordet kan liturgen seia:

L | Vår Herre Jesus Kristus seier: Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile

di sjel og av alt ditt vit. Dette er det største og første bodet. Men det andre er like stort: Du skal elska nesten din som deg sjølv. **Matt 22,37–39)**

Liturgen kan innleia syndsvedkjenninga med eit lovnadsord. (Utgår: Liturgen kan seia eit lovnadsord etter syndsvedkjenninga.)

(Utgår: Det kan vera ei kort stille før syndsvedkjenninga eller før lovnadsordet.)

(Utgår: *Syndsvedkjenningar og lovnadsord, sjå side 2.35–2.38.*)

(NB: *Det er forslag å ta bort høve til at kyrkjelyden kan søkja biskopen om å nytta eigenformulert syndsvedkjenning som fast ordning. Det tyder at Allmenne føresegner punkt 62 fell bort.*)

(NB: *Det er forslag å ta bort høve til å ha ei takkebøn etter lovnadsordet (jf side 2.38 i Gudstenesteboka).*)

Syndsvedkjenninga blir innleidd med:

L | Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.

ELLER

L | Lat oss bøya oss for Gud og be om tilgjeving.

Dersom det ikkje er sagt fram lovnadsord, kan syndsvedkjenninga bli innleidd med:

L | I tillit til Guds nåde vil vi sanna syndene våre.

ELLER

L | I tillit til Guds nåde vil vi be om tilgjeving.

(Utgår: **L** Lat oss ransaka oss sjølve for Guds andlet og sanna syndene våre.)

Kort stille

Liturgen kneler under syndsvedkjenninga og den stille stunda. Også kyrkjelyden kan knela.

ANTEN A

A Gud, ver meg nådig!

Eg har synda mot deg og svikta min neste

- med tankar og ord,

med det eg har gjort,

og med det eg har forsømt.

Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld.

Skap i meg eit reint hjarte,

og gjev meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande.

ELLER B:

A Gud, ver meg nådig!

Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld.

Skap i meg eit reint hjarte,
og gjev meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande.

ELLER C:

A Gud, du kjenner og elsker oss alle.
Du vil at vi skal ta vare på kvarandre og på jorda.
Vi veit at vi sviktar og gjer deg imot.
Tilgjev oss og hjelp oss,
for Jesu skuld.

ELLER D

A Heilage Gud,
sjå i nåde til oss.
Vi har vendt oss bort frå deg
i hug og handling.
For Jesu Kristi skuld, tilgjev oss
og fri oss frå synda si makt,
så vi kan tena deg,
ditt skaparverk og vår neste.

Det er også høve til å nytta syndsvedkjenningar frå 1977-ordningen.

Til somme gudstenester kan ein bruka andre syndsvedkjenningar enn desse fem alternativa. Bøna kan hentast frå ulike kjelder, eller ho kan formulerast lokalt.

(NB. Syndsbekjennelse 4, 5 og 6 i 2011-ordningen fell då bort som fast syndevedkjenning)

6 | Bønerop kyrie

Kyrie eleison blir sunge.

Musikken og teksta til ordinarieledda i gudstenesta vert normalt henta frå dei fem godkjende hovudseriane i Den norske kyrkja. Sjå notar til musikken side 00.

Ved somme høve kan bøneropet bli utforma som eit litani (N13 nr 981) eller som lokalt utforma kyrielitani med omkvede fra N13 nr 976.1-7. I særskilde gudstenester kan desse også brukast utan å vera knytta til ein litaniform.

Kyrie eleison.
Kriste eleison.
Kyrie eleison.

ELLER

**Kyrie eleison. Gud Fader, miskunna deg (over oss).
Krisste eleison. Herre Krist, miskunna deg (over oss).
Kyrie eleison. Heilag Ande, miskunna deg (over oss).**

Tekstar på samisk og kvensk, sjå side 2.85.

(Utgår: Kyrie kan utvidast til eit kyrielitani. Sjå side 2.39.)

(Utgår: Kyrie kan utelatast i enkelte gudstenester.)

(NB. Når ein stryk rubrikken for å utelata Kyrie, tyder det at Kyrie er obligatorisk i alle hovudgudstenester.)

7 | Lovsong gloria

Lovsong Gloria blir sunge.

Kan utelatast i fastetida.

L/ML | Ære vere Gud i det høgste

K | og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i.

Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Amen.

ELLER

L/ML | Ære vere Gud i det høgste

K | og fred på jorda blant menneske (som) Gud har glede i. Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

ML | Vi hyllar deg for din store herlegdom, Herre Gud, himmelske konge, allmechtige Fader.

K | Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

ML | Herre, Guds einborne Son, Jesus Kristus, Guds Lam som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss. Du som sit ved Faderens høgre hand, høyr vår bøn.

K | Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

ML | For einast du er heilag, einast du er Herren, einast du er Den høgste, Jesus Kristus med Den heilage ande i Faderens herlegdom.

K | Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Amen.

Musikken og teksta vert normalt henta frå den vedtatte liturgiske musikken (sjå side 00). Ved somme gudstenester kan ein annan lovsong eller eitt eller fleire lovsangsomkvede brukast. Sjå side 00.

Dåp i hovudgudstenesta har ein vanlegvis her.

8 | Dagens bøn

Bøna blir sagt fram eller messa. Sjå Gudstenestepermen side 2.109-196.

(Utgår: Dagens bøn kan utelatast, få sin plass her, koma i samband med preika eller bli brukt (først og fremst på høgtidsdagar) som samlingsbøn.)

(NB. Dette tyder at Dagens bøn vert eit fast ledd i alle hovudgudstenester.)

Bøna blir innleidd med:

L | Lat oss alle be.

Bøna blir avslutta med:

K | Amen.

II. ordet

I andre hovudgudstenester enn høgmessa kan det vera to lesingar, eller ei lesing (evangeliet). Då kan ledd 10 Bibelsk Salme / Salme falla bort.

Kyrkjelyden står under evangelieleisinga og sit under dei andre lesingane.

L/ML | Lat oss høyra Herrens ord.

9 | Første lesinga

Frå Det gamle testamentet

ML | Det står skrive hos/i ...

Lesinga sluttar med:

ML | Slik lyder Herrens ord.

Kyrkjelyden kan svara:

K | Gud vere lova.

10 | Bibelsk salme / Salme

Ein kan syngja ein bibelsk salme eller ein annan salme, det kan framførast korsong eller vera stilt ei kort stund mellom lesingane.

11 | Andre lesinga

Frå Det nye testamentet utanom evangelia

ML | Det står skrive hos/i ...

Lesinga sluttar med:

ML | Slik lyder Herrens ord.

Kyrkjelyden kan svara:

K | Gud vere lova.

*12 | Evangelium

Halleluja (Utgår: /Salme)

Evangelielesinga blir innleidd med eit hallelujaomkvede eller eit salmevers med hallelujaomkvede. Ein kan òg ha evangelieprosesjon. Den som ber boka kan følgjast av lysberare.

Kyrkjelyden står under halleluja, lesing og respons.

I fastetida kan ein erstatta halleluja med eit sunge svarledd som innholdsmessig svarar til fastetida (tractus.)

(Utgår: Evangelielesinga blir innleidd og avslutta med eit hallelujaomkvede eller ein kort salme.)

(NB. Også tilvisinga til N13 997 fell bort, for ikkje å utelukka mellom anna hallelujasvaret frå 1977.)

Lesing

L/ML | Det står skrive i evangeliet etter ...

Kyrkjelyden står under lesinga.

Lesinga sluttar med:

L/ML | Slik lyder det heilage evangeliet.

(Utgår: Kyrkjelyden kan svara: **K** | Gud vere lova.)

Respons

Halleluja-omkvede vert gjentatt, eller det vert sunge ein kort salme eller eit anna svarledd ved kyrkjelyd eller kor. På førstedagar kan ein syngja eit høgtidsvers som respons (N13 nr 41, 193, 228)

(Utgår: Dersom salme blir brukt, kan ein syngja vers frå salmen både før og etter lesinga. Om ein syng heile salmen før lesinga, kan predikanten lesa evangeliet eller annan preiketekst i samband med preika.)

13 | Preike

Predikanten kan først be ei kort bøn. Preika vert normalt halde frå preikestolen.

Predikanten preikar (utgår: normalt) over evangelieteksten. Når den første eller andre leseteksten er sett opp som preiketekst, kan den teksten lesast her eller på sin faste stad. Forteljningsteksten kan koma i staden for den oppsette preiketeksten.

I preikedelen kan det i samråd med liturgen leggjast inn aktualiserande, dramatiserande eller aktiviserande innslag som er samordna med innhaldet i preika.

(Utgår: På høytidsdagar, og når det ellers er ønskjeleg, kan preika ta til med ein kort innleiingsdel før ein les preiketeksten.)

Preika kan avsluttast med lovprisinga:

L | Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som var og er og vera skal éin sann Gud frå æve og til æve.

ELLER

L | Lova vere Gud, vår skapar, frigjerar og livgjevar.

Etter preika kan det vera høve til ei stille stund, ein kort salme eller meditativ musikk.

*14 | Truvedkjening credo

Truvedkjenninga blir sunge eller sagt fram.

Dersom det er dåp i gudstenesta, kan truvedkjenninga utelatast her.

Eventuelt kan ein her syngja ein truvedkjenningssalme.

Kyrkjelyden står under truvedkjenninga.

ML/L | Lat oss vedkjennast vår heilage tru.

A | Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande,
fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,
fór ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen,
fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,
skal koma att derifrå
og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande,
ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage,
forlating for syndene,
oppstoda av lekamen
og evig liv.

Amen. Den apostoliske truvedkjenninga.

Tekstar på samisk og kvensk, sjå side 2.85.

Eller

A | Vi trur på éin Gud,
den allmektige Far,

som har skapt himmel og jord,
alt synleg og usynleg.

Vi trur på éin Herre, Jesus Kristus,
Guds einborne Son,
fødd av Faderen før alle tider,
Gud av Gud, lys av lys,
sann Gud av sann Gud,
fødd, ikkje skapt,
av same vesen som Faderen.

Ved han er alt skapt.

For oss menneske og til vår frelse
steig han ned frå himmelen,
og ved Den heilage ande og av Maria møy
vart han menneske av kjøt og blod.
Han vart krossfest for oss under Pontius Pilatus,
leid og vart gravlagd,
stod opp tredje dagen etter Skriftene
og fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Faderen,
skal koma att i herlegdom
for å døma levande og døde,
og hans rike skal vera utan ende.

Vi trur på Den heilage ande,
som er Herre og gjer levande,
som går ut frå Faderen og Sonen,
som vert tilbeden og æra saman med Faderen og Sonen
og som har tala gjennom profetane.

Vi trur på éi heilag, allmenn og apostolisk kyrkje.

Vi vedkjennest éin dåp til forlating for syndene
og ser fram til oppstoda av dei døde
og eit liv i den komande verda.

Amen. [Den nikenske truedkjeninga.](#)

15 | Salme

Salmen kan utelatast dersom ein syng truedkjeninga. [Som alternativ kan ein syngja salmen mellom ledde 13 Preike og 14 Truedkjening.](#)

(Utgår: III. Forbøn) (NB. Det tyder at ledda 16, 18 og eventuelt ledda 17 og 19 går inn i hovuddel II. Ordet.

16 | Kunngjeringar

Kan plasserast her eller ein annan stad i gudstenesta, eller formidlast til kyrkjelyden på annan måte.

17 | Syndsvedkjenning

Plasserast her eller som ledd 5. (Utgår: etter samlingsbøna, ledd 4.)

Alle bed syndsvedkjenninga høgt.

Før innleiingsordet kan liturgen seia:

L | Vår Herre Jesus Kristus seier: Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av alt ditt vit. Dette er det største og første bodet. Men det andre er like stort: Du skal elska nesten din som deg sjølv. **Matt 22,37–39**

Liturgen kan innleia syndsvedkjenninga med eit lovnadsord: (Utgår: Liturgen kan seia eit lovnadsord etter syndsvedkjenninga.)

L: Guds ord seier: dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urettferd. **1 Joh 1,9**

ELLER

L: Så høg som himmelen er over jorda, så veldig er hans miskunn over dei som fryktar han. Så langt som aust er frå vest, tek han syndene våre bort frå oss. **Sal 103,11–12**

(Utgår: Det kan vera ei kort stille før syndsvedkjenninga eller før lovnadsordet.)

(Utgår: *Synsvedkjenningar og lovnadsord*, side 2.35–2.38.)

(NB: Det er forslag å ta bort høve til at kyrkjelyden kan søkja biskopen om å nytta eigenformulert syndsvedkjenning som fast ordning. Det tyder at Allmenne føresegner punkt 62 fell bort.

(NB: Det er forslag å ta bort høve til å ha ei takkebøn etter lovnadsordet (jf side 2.38 i *Gudstenesteboka*).

Synsvedkjenninga blir innleidd med:

L | Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.

eller

L | Lat oss bøya oss for Gud og be om tilgjeving.

Dersom det ikkje er sagt fram lovnadsord, kan syndsvedkjenninga bli innleidd med:

L I tillit til Guds nåde vil vi (bøya oss for Gud og) sanna syndene våre.

ELLER

L I tillit til Guds nåde vil vi (bøye oss for Gud og) be om tilgjeving.

(Utgår: L | Lat oss ransaka oss sjølve for Guds andlet og sanna syndene våre.)

Kort stille

Liturgen kneler under syndsvedkjenninga og den stille stunda.
Kyrkjelyden kan òg knela.

ANTEN A

A Gud, ver meg nådig!

Eg har synda mot deg og svikta min neste
- med tankar og ord,
med det eg har gjort,
og med det eg har forsømt.
Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld.
Skap i meg eit reint hjarte,
og gjev meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande.

ELLER B:

A Gud, ver meg nådig!

Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld.
Skap i meg eit reint hjarte,
og gjev meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande.

ELLER C:

A Gud, du kjenner og elsker oss alle.

Du vil at vi skal ta vare på kvarandre og på jorda.

Vi veit at vi sviktar og gjer deg imot.

Tilgjev oss og hjelp oss,
for Jesu skuld.

ELLER D

A Heilage Gud,
sjå i nåde til oss.

Vi har vendt oss bort frå deg
i hug og handling.

For Jesu Kristi skuld, tilgjev oss
og fri oss frå synda si makt,
så vi kan tena deg,
ditt skaparverk og vår neste.

Det er også høve til å nytta syndsvedkjenninga frå 1977-ordningen.

Til somme gudstenester kan ein bruka andre syndsvedkjenningar enn dei som finst her. Bøna kan hentast frå ulike kjelder, eller ho kan formulerast lokalt.

(NB. Syndsvedkjenning 4, 5 og 6 i 2011-ordningen fell då bort som fast syndsvedkjenning)

18 | Forbøn for kyrkja og verda

Forbøna kan utformast lokalt, eller ein kan bruka ferdig formulerte bøner.

Forbøna bør helst leiast av ein medliturg. Dei enkelte bønneavsnitta kan lesast av fleire.

Kvart bønneavsnitt kan avsluttast med

Gud, vi bed.

Eller

Det bed vi deg om, Gud.

lese eller sunge av den som bed bønneavsnittet, eller forbønnsleiaren, liturgen eller kantor/forsongaren.

Forbøna med lokalt utforming kan disponerast etter desse temaområda:

- 1 Folk og nasjonar på jorda.
- 2 Vårt (Utgår: eige) land og folk.
- 3 Den verdsvide kyrkja og kyrkja i vårt eige land.
- 4 Vår (Utgår: eigen) kyrkjelyd, familiane våre og staden der vi bur.
- 5 Aktuelle hendingar.

Ein bed for aktuelle hendingar i dei temaområda der dei naturleg høyrer heime (1–4), eller i eit eige avsnitt (5).

Dersom det er dåp i hovudgudstenesta, kan ein òg be ei av dei tre bønene frå dåpsliturgien (sjå ledd 7 i Ordning for dåp 2017).

Sjå meir utførleg rettleiing om temaområda, modellar for lokalt tilrettelagde forbøner og formulerte forbøner, side 23 - 36 i dette dokumentet.

Forbøna kan bli innleidd med:

ML/L | Lat oss be for kyrkja og verda.

Kyrkjelydssvar

Etter kvart bønneavsnitt følgjer eit svar frå kyrkjelyden, sunge eller lese. *Sjå side 00.*

Vi minnest dei døde og bed for dei sørgjande

Forbøna kan avsluttast med at kyrkjelyden minnest dei som er døde, og som det har vore halde gravferd for sidan sist kyrkjelyden var samla.

ML/L | Vi reiser oss og minnest dei i kyrkjelyden vår som det er halde gravferd for sidan sist vi var samla.

Kyrkjelyden reiser seg.

Ein les opp namna på dei døde.

Kort stille.

ML/L | Lær oss å telja våre dagar så vi kan få visdom i hjartet. Sal 90,12

Eller

ML/L | Jesus seier: «Eg er oppstoda og livet.

Den som trur på meg, skal leva om han så døyr.» Joh 11,25

Eller

ML/L: (Bokmålstekst) Nå er livet gjemt hos Gud. Vi overgir alt til ham.

Håpet er tent i liv og død. Ingen er glemt av Gud. (N13 872.5)

NB: Som alternativ kan ein lesa frå ein nynorsk salme.

Deretter kan ein be denne eller ei liknande bøn:

ML/L | Miskunnsame Gud, trøyst dei sørgjande og ver dei nær i tida som kjem.

Her kan kyrkjelyden syngja svaret dei song i forbøna.

Bønevandring kjem som hovudregel under forbøna i gudstenesta (ledd 18), men kan eventuelt koma samstundes med nattverdsutdelinga, når ein har bedt ei felles forbøn i forbønsdelen. Om ein ber ei bøn for dei som har delteke i ulike stasjonar i bønevandringa, skal ein ikkje kombinera denne bøna med Takkebøn for nattverden etter måltidet.

19 | Takkoffer frå kyrkjelyden

Takkoffer kan ein samla inn her eller under salmen i ledd 20, eventuelt under ledd 26.

Under ofringa kan det framførast høveleg instrumental- eller vokalmusikk.

Takkofferet kan samlast inn i kyrkjebenkene eller ved at ein går rundt altaret.

Ofringa (Utgår: kan) avsluttast med:

L | Evige Gud, di er jorda og det som fyller henne.

Alt vi eig høyrer deg til. Av ditt eige gjev vi deg attende.

K eller L | **Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.**

III. nattverd (Utgår IV)

20 | Førebuing av måltidet

Nattverdssalme (Utgår: Salme)

Takkofferet kan ein samla inn her eller under ledd 19, eventuelt under ledd 27.

Innsamlinga kan skje før ein syng salmen, eller medan ein syng.

Bordet vert dekkja. Ein legg brød på disken og heller vin i begeret. Eit nattverdsklede vert lagt under disken og begeret. Det skal òg finnast ein tørkeklut til å fanga opp vindråpar. Ein hentar brød og vin frå eit sidebord. Brød og vin kan ein stå på nattverdsbordet frå starten av gudstenesta.

(Utgår: Ein ber fram takkofferet medan alterbordet blir dekt, dersom det ikke vart gjort då gudstenesta tok til.)

Ofringa vert avslutta med

L | Velsigna er du, Gud. Di er jorda og alt som fyller henne. Av ditt eige gjev

vi deg attende. Sameina di kyrkje av alle folkeslag og tungemål. Liksom kornet har vorte eitt i brødet og druene i vinen, så gjer oss til eitt med kvarandre og med Herren Jesus Kristus.

A eller L | **Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.**

ELLER

L | Evige Gud, di er jorda og alt som fyller henne. Av ditt eige gjev vi deg attende.

A eller L | **Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.**

*21 | Takkseiing og bøn

Helsing prefasjonsdialog

L syng eller seier | Herren vere med dykk.

K reiser seg og syng | **Og med deg vere Herren.**

L | Lyft dykkar hjarte.

K | **Vi lyfter våre hjarte til Herren.**

L | Lat oss takka Herren vår Gud.

K | **Det er verdig og rett.**

Innleiande lovprising prefasjon

Lovprisinga under innleiinga er anten knytt til kyrkjeåret (sjå side 36-38 i dette dokumentet), eller tilpassa den enkelte nattverdsbøna (sjå side 39-46 i dette dokumentet).

Heilag sanctus

A syng | Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av din herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.

Nattverdsbøn med innstiftingsorda Verba

Nattverdsbøner med Innstiftingsord, sjå side 39-46.

(NB! Innstiftingsorda og leddet *Mysteriet i trua*, samt ei bøn før *Fadervår* er no sett inn i kvar av nattverdsbønene)

Medan orda vert messa eller sagt fram, eller etter kvar del av innstiftingsorda, lyfter liturgen først brødet, deretter vinen.

(Utgår: Under innstiftingsorda lyfter liturgen først disken, deretter kalken.)

Fadervår

Kan lesast eller syngjast.

A | Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen.

(NB! Fell bort som tekst)

(A | Fader vår, du som er i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød.

Forlat oss vår skuld,

som vi òg forlèt våre skuldmenn.

Før oss ikkje ut i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt,

og makta og æra i all æve.

Amen.)

Det er òg høve til å nytta Fadervår etter 1977- og 1920-liturgiane.

Tekstar på samisk og kvensk, sjå side 00.

*22 | Nattverdsmåltidet

Kyrkjelyden står heilt til dei første går fram til nattverden.

Fredshelsing *Pax*

L | Guds fred vere med dykk.

K | Guds fred vere med deg.

Her kan ein leggja til:

L: Lat oss helsa kvarandre med eit tekn på fred.

Kyrkjelyden helsar kvarandre med handtrykk og seier «Guds fred» eller liknande ord.

(Utgår: For ei meir utførleg fredshelsing, sjå Rettleiing til hovuddelane i gudstenesta, side 8.46.)

Her kan koma:

Brødsbryting

Når det skal vera brødsbryting, kan liturgen seia:

**L | Brødet som vi bryt, gjev oss del i Kristi kropp.
Fordi det er eitt brød, er vi alle éin kropp.**

(Utgår: Vinen som vi drikk, gjev oss del i Kristi blod.)

(NB. Det tyder at leddet brødsbryting kun gjeld brødet. Det tyder ikkje at vi ikkje drikk vinen).

Du Guds Lam Agnus Dei

**A syng | Du Guds Lam, som ber all verdsens synder,
miskunna deg over oss.**

**Du Guds Lam, som ber all verdsens synder,
miskunna deg over oss.**

**Du Guds Lam, som ber all verdsens synder,
gjev oss din fred.**

L | Kom, for alt er gjort ferdig

Som alternativ kan ein gje invitasjonen før kyrkjelyden syng *Du Guds Lam*.

(Utgår: Liturgen kan seia, her eller etter Du Guds Lam)

Utdeling

Utdelingsmåtar, sjå Allmenne føresegner (side 5.3 – 5.15 og Rettleiing til hovuddelane i gudstenesta, side 8.39-8.57 i Gudstenesteboka 2011).

Under utdelinga kan ein syngja éin eller fleire salmar, eller det kan vera korsong eller annan høveleg musikk.

Utdelingsorda lyder slik:

Kristi kropp, gjeven for deg.

Kristi blod, utrent for deg.

Tekstar på samisk og kvensk, sjå side 00

Eller

Dette er Jesu lekam.

Dette er Jesu blod.

Den enkelte kan svara: **Amen.**

Dei (Utgår: Born og andre) som kjem fram og viser at dei ikkje skal ta imot nattverden, blir velsigna av den som ber brødet, med handspålegging eller krossteikning.

(Utgår: Som velsigningsord tilrår ein å bruka eitt av desse orda.)

Liturgen kan seia dette eller liknande ord:

Herren velsigne deg og vare deg og føre deg til det evige livet.

(Utgår: Gud velsigne deg og vare deg. **ELLER**

Herren velsigne deg og vare deg frå det vonde og føre deg til det evige livet.)

Dersom det er utdeling med felles knefall, kjem fredsønsket anten etter kvart knefall eller til slutt.

(Utgår: kan fredsønsket koma til slutt eller etter kvart knefall.)

Etter utdelinga:

L | Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin kropp og sitt blod (Utgår: heilage lekam og sitt dyre blod) som han gav til soning for alle våre synder.

A eller L | **Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet.**

L (Utgår: kan leggja til) | Fred vere med dykk.

K: Amen

(NB: Kyrkjelyden bør alltid svara «amen» til fredshelsinga.)

Tekstar på samisk og kvensk, sjå side 00

23 | Avslutning av måltidet

Alteret vert rydda. Beger og disk vert dekte med nattverdsklede.

Takkebøn

Her bed ein ei av takkebønene nedanfor:

(Utgår: ei som er lokalt utforma, eller ei anna høveleg takkebøn)

(NB. Rekkefølga for dei fire takkebønene som følger er endra)

L/ML | Vi takkar deg, himmelske Far, for dine velsigna gåver. Vi bed at du ved desse gåvene vil halda oss fast i trua på deg, sameina oss i din kjærleik og stadfesta i oss vona om det evige livet, for Jesu Kristi skuld.

Eller

L/ML | Vi takkar deg, visdoms Gud, for den djupe løyndomen i ditt måltid: Brødet vi har brote, er eitt. Son din har gjeve sitt liv for éi verd og éi menneskeslekt. Vi bed deg:

A eller L/ML | **Hjelp oss å høyra det ropet du har høyr, å sjå den nauda du har sett, og å elska nesten vår som oss sjølve.**

(NB. Orda «Vi bed deg» seiast av L/ML. Det gjer det lettare for kyrkjelyden å ta del i bønna.)

Eller

L/ML | Vi takkar deg, nådige Gud, du som gjennom brødet og vinen har gjeve oss del i Jesu Kristi sigerrike død og oppstode.

A eller L/ML | **Styrk oss ved din Ande til vitnemål og teneste i verda.**

Eller

L/ML | Trufaste Gud,

du som i dåpen har gjeve oss barnekår og gjort oss til arvingar i ditt rike.

Vi takkar deg for dette måltidet, der du har gjeve oss forlating for syndene og fornya oss i trua på dine lovnader. Vi bed deg:

A eller L/ML | **Styrk oss ved din Ande til vitnemål og teneste i verda.**

(Utgår: Kalken og disken blir dekte med kalkkledet. Kalken, disken, vinkanna og brødeska kan setjast tilbake på sidebordet.)

IV. sending

*24 | Salme

Salmen kan flyttast til Postludium/Utgangsprosesjon, ledd 27.

*25 | Velsigning

Når det gjeld velsigningsord som kan brukast på andre hovudgudstenester enn høgmessa, *sjå side 00.*

Velsigninga blir lesen eller sungen.

Kyrkjelyden står under velsigninga.

Velsigninga kan den enkelte ta imot ved å gjera krossteikn.

Innleiing til velsigninga kan vera:

Lovprising benedicamus

L/ML syng eller seier | Lat oss prisa Herren. (Utgår: seier eller syng)

K | **Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.**

Eller

Helsing salutatio

L syng eller seier | Herren vere med dykk. (Utgår: seier eller syng)

K | **Og med deg vere Herren.**

Eller

L seier | Ta imot velsigninga.

Velsigning

L | Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. □

Tekstar på samisk og kvensk, sjå side 00.

Kyrkjelyden kan syngja:

K | **Amen. Amen. Amen.**

Tre gonger tre bønslag

*26 | Utsending

Dersom kyrkjelyden blir sitjande under det etterfølgjande postludiet, kan utsendingsordet seiast etter postludiet.

Her kan følgje:

L/ML | Lat oss gå i fred,
A | **i Jesu Kristi namn.**

(Utgår: eller

L/ML | Lat oss gå i fred
A | og tene Herren med glede.

ELLER L/ML | Gå i fred.)

Eller

L/ML | Gå i fred. Ten Herren med glede.

NB: Dei tre skriftorda i vedlegget på side 2.84 er tekne inn her, sjå nedanfor.)

(Utgår: eller eit anna utsendingsord som høver til særpreget for dagen. Det kan eventuelt òg formulerast eigne utsendingsord. Sjå side 55.)

Gud gav oss ikkje ei ånd som gjer motlaus; vi fekk Anden som gjev kraft, kjærleik og visdom. 2 Tim 1,7
Gå i fred.

Guds fred, som går over all forstand, skal vara dykkar hjarte og tankar i Kristus Jesus. Fil 4,7
Gå i fred.

Kristus seier: «De har ikkje valt ut meg, men eg har valt ut dykk og sett dykk til å gå ut og bera frukt, ei frukt som varer.» Joh 15,16
Gå i fred.

Kristus seier: «Fred vere med dykk! Som Far har sendt meg, sender eg dykk.» Joh 20,21
Gå i fred.

*27 | Postludium/Utgangsprosesjon

Dersom det er utgangsprosesjon, kan kyrkjelyden følgja etter prosesjonen.

I staden for postludium kan kyrkjelyden syngja ein salme medan ein går ut.

Etter gudstenesta kan kyrkjerommet vera ope ei stund, med høve til stille bøn og ettertanke.

Ein kan òg følgja opp oppdraget ved utsendinga med fellesskapsamling, soknebud og annan besøksteneste, forbønsteneste og andre diakonale og misjonale handlingar.

(Utgår: Ein kan òg følgja opp det diakonale oppdraget ved utsendinga med fellesskapsamling, soknebud, anna besøksteneste, forbønsteneste og andre handlingar.)

samlingsbøner

Ein medliturg eller heile kyrkjelyden bed samlingsbøna. Når syndsvedkjenninga er lagd til samlingsdelen, er det ein medliturg som bed samlingsbøna, men heile kyrkjelyden seier fram syndsvedkjenninga.

1

Heilage Gud, vi er samla for ditt andlet
for å møta din kjærleik og di sanning.
Send oss din Ande
og gjer oss opne for det som du vil gje oss.
Lat ordet ditt slå rot i hjarta våre,
så Kristus lever i oss, og vi blir eitt i deg
og tener deg i alle ting.

2

Gode Gud, du som gjev liv til alt som lever.
Vi prisar deg for alt det vakre på vår jord,
og for alt som lèt oss kjenna at du er god.
Her for ditt andlet bed vi: Gjev oss lyttande øyre,
takksame hjarte og villige hender,
så vi kan høyra ordet ditt, lovprisa deg for di miskunn,
og i ord og gjerning vitna om dine storverk.

3

Herre, eg er komen inn i dette heilage huset ditt
for å ta imot det som du Gud Fader, skaparen min,
du Herre Jesus, frelsaren min,
du heilage Ande, trøystaren min i liv og død,
vil gje meg.
Lat no opp hjartet mitt ved din heilage Ande,
så eg kan sørgja over syndene mine,
leva i trua på din nåde
og saman med heile ditt folk fornyast kvar dag
i eit sant og heilagt liv.

4

Gud, vi er komne inn i ditt heilage hus
for å ta imot det du vil gje oss.
Lat no opp hjarta våre,
så vi kan fornyast i trua på deg.

5

Alle kan be bøna, eller ho kan vera «hermebøn» ved at den som leier bøna, seier ei og ei setning som alle tek opp att.

Gud, du er midt iblant oss.
Du omgjev oss på alle sider.
Hald oss i di hand.

6

I og med at denne samlingsbøna inneheld syndsvedkjenning, utelèt ein syndsvedkjenning elles i gudstenesta. Bøna blir sungen som vekselsong mellom liturgen, medliturgen (forsongaren(-ane)) og kyrkjelyden.

L | Trufaste Gud, du gjev oss nytt liv i den heilage dåpen.

Vi blir merkte med krossteiknet. □

L/K | Vi er dine born. Forny i dag vår tru og vår kjærleik.

Medliturgen auser opp vatn tre gonger frå døypefonten.

L | Som regnbogen lyser dine lovnader, Gud – eit teikn på di pakt med kvar levande skapning.

ML | Vi kjem til deg med vår takk og vår song.

K | Vi kjem til deg med vår takk og vår song.

ML | Du er vår von.

K | Du er vår von.

L | Du kjenner våre liv. Ingenting er løynt for deg.

ML | Vi har gjort imot din vilje, vi bryt dine bod.

K | Vi har gjort imot din vilje, vi bryt dine bod.

ML | Tilgjev oss, Gud.

K | Tilgjev oss, Gud.

L | Du reiste Jesus opp frå grava.

I dåpen blir vi reiste opp til nytt liv med han.

ML | Som regnbogen lyser dine lovnader, Gud.

K | Som regnbogen lyser dine lovnader, Gud

ML | – eit teikn på di pakt med kvar levande skapning

K | – eit teikn på di pakt med kvar levande skapning.

7

Denne bøna høver særleg godt i gudstenester med mange born.

Ei gruppe born kan stå framfor kyrkjelyden og visa teikna. Dei i kyrkjelyden som ønskjer det, kan gjera handrørslene saman med borna.

Lyfte hender

ML/L | Kjære Gud, du er hos oss.

Tenn ditt lys i oss.

Hendene i kryss framfor brystet

ML/L | Kjære Jesus, du går med oss.

Lat oss få leva i din fred.

Hendene mot kvarandre framfor brystet med fingertuppane opp.

ML/L | Kjære Gud, du ser oss.

Ta imot våre tankar og stille bønner.

Hendene strekte ut framfor brystet med handflatene opp

ML/L | Kjære Jesus, du tek våre hender i dine.

Lei oss på din gode veg.

Vi held dei som sit ved sida av oss, i handa

ML/L | Gode heilage Ande, takk for at vi ikkje er åleine.

Hjelp oss å sjå kvarandre med kjærleik.

8

Heilage Gud, du som har gjeve oss livet i gåve:

Takk for at du tek imot oss i dåpen
og styrkjer oss i nattverdens måltid.

Lei oss ved ditt ord,
og gjer oss opne for det du vil gje oss.

9

Modell for lokalt utforma samlingsbøn

Til somme gudstenester kan ein bruka andre samlingsbønner enn dei som finst her. Bønner kan hentast frå ulike kjelder, eller dei kan formulerast lokalt.

- 1 Bøna skal vera eit uttrykk for tru og vedkjenning i kyrkja vår, og bøna skal vera liturgisk og poetisk berekraftig.
- 2 Det viktigaste i bøna er å gje ord til at vi er saman for Guds andlet, som fellesskap, som enkeltmenneske og som del av skaparverket. Bøna skal uttrykkja forventning og glede over møtet med Gud i gudstenesta.
- 3 Samlingsbøna kan leggja vekt på ulike motiv, til dømes:
 - Kvar søndag ein oppstodedag (*NB: Kun rekkefølga av motiv er endra her.*)
 - Jesu Kristi nærvær når vi er samla i hans namn
 - Å lengta etter å vera i Guds hus
 - Takksemd over å vera funnen og teken imot av Gud **Luk 15**
 - Overgjeving til Gud
 - Dåpspåminning
 - Å vera open for det som Ordet gjer i våre liv
 - Samlinga om Ord og sakrament
 - Kallet til oppbrot og etterfølging

10

Samlingsbøn når det har hendt ulukker eller katastrofar

Når ei ulukke eller ein katastrofe har ramma lokalsamfunnet, nasjonen eller eit anna område i verda, er det naturleg å la opninga av hovudgudstenesta i kyrkjelyden bera preg av det.

Dette bør gjerast når ulukka og katastrofen er av ein slik art at det vedkjem heile kyrkjelyden, eller når hendinga er allment kjend og kyrkjelyden såleis er klar over kvifor dette blir nemnt. Når ulukke og sorg gjeld éin eller nokre få i kyrkjelyden, er det meir naturleg å ta dette med i forbøna i gudstenesta.

Eitt eller fleire høvelege bibelord kan brukast der samlingsbøna elles har sin plass, til dømes: Sal 130,1–2; Sal

38,22–23; Sal 44,25–27; Sal 10,1; 12b; 14.

Saman med eller i staden for bibelordet kan ein be ei høveleg bøn, utforma lokalt eller henta frå Sørjegudstenesta, *Bønebok for Den norske kyrkja* eller andre kjelder. Som bøn kan òg eit velvalt salmevers brukast, til dømes «Vi rekker våre hender frem» (1. vers), eller «Herre, måtte dette skje» (1. vers).

Bøna kan innleiest med nokre ord om den aktuelle ulukka eller katastrofen. Dersom ein bruker bibelord, kan liturgen seia:

L | Våre ord kjem til kort i møte med det ufattelege. Lat oss difor henta ord frå Bibelen til vår klage og bøn.

Etter bøna kan det vera ei stille stund, som kan innleiest slik:

L | Lat oss vera stille i ettertanke og bøn.

Ein tilrår at gudstenesta held fram med Kyrie eleison eller eit høveleg kyrielitani.

forbøner

I. temaområde

Forbøn for kyrkja og verda

– forankra lokalt (utgår: tilrettelagd)

Forbøna vert forankra lokalt anten det gjeld ferdig formulerte bøner eller forbøner som vert skriven til den einskilde gudstenesta.

Lokal forankring vert skapa (skjer?) ved å involvere medlemmer i kyrkjelyden både i å utarbeide forbøna og ved å leie forbøna i gudstenesta.

Ei forbøn med lokal utforming kan disponerast etter temaområda nedanfor.

Under kvart temaområde er det lista opp ei rekkje stikkord til hjelp i det førebuande arbeidet med bøna. Når bøna skal utformast, er det nødvendig å gjera eit utval i stikkordlista nedanfor, eventuelt òg ta inn andre tema ut frå den aktuelle situasjonen og ut frå det preget ein vil at gudstenesta skal ha.

Nokre av stikkorda er lista opp under fleire av temaområda. Det inneber at dei kan koma til uttrykk i den delen av forbøna der det er aktuelt og naturleg.

Rekkjefølgja av temaområda kan endrast. Det same gjeld rekkjefølgja av stikkorda under kvart temaområde. Slik vil ein gjennom forbøna i praksis kunna fokusera på det som er karakteristisk for den aktuelle gudstenesta.

Forbøn for takkofferet i gudstenesta tek ein med der det er naturleg.

(NB: Denne rubrikken er flytta fram hit, frå side 2.65 i Gudstenesteboka 2011:)

Kyrkjelydssvara kan verta lest eller sunge. Ulike kyrkjelydssvar finns i:

- Liturgisk musikk for hovudgudstenesta i Den norske kyrkja
- Godkjende salmebøker
- Bøneboka
- Den norske kyrkjas digitale gudstenestebibliotek
- Organistens gudstenestebok
- Andre kjelder

1. Folk og nasjonar i verda

- Menneske i naud: menneske ramma av ulukker og katastrofar, fattigdom, krig og konflikhtar og anna naud og krise.
- Kamp for fred og rettferd.
- Vern om menneskeverdet, frå livet byrjar til livet endar.
- Vern om skaparverket.
- Anna internasjonal forvaltarteneste.
- Menneske med leiaransvar i verdssamfunnet.
- Internasjonale organ og organisasjonar.

2 | Vårt (utgår: eige) land og folk

Menneske i naud: sjuke, einsame, fattige, menneske utsette for vald og overgrep, menneske ramma av ulukker, katastrofar og kriser.

Menneske med leiaransvar (nasjonalt, regionalt og lokalt).

Kongen og hans hus (kongen bør nemnast med namn).

Oppvekstvilkåra for born og unge.

Arbeid med å integrera og inkludera ulike grupper.

Vern om menneskeverdet, frå livet byrjar til livet endar.

Vern om skaparverket.

Vårt eige land og den rolla det har i verdssamfunnet.

Anna forvaltarteneste, nasjonalt og regionalt.

3 | Den verdsvide kyrkja og kyrkja i vårt (utgår: eige) land

Den verdsvide kyrkja.

Misjon og diakoni.

Misjonsprosjekt og venskapskyrkjelydar.

Menneske som blir forfølgde på grunn av trua si.

Leiarskap og styrande organ i Den norske kyrkja, nasjonalt og regionalt, og biskopen i bispedømmet (bør nemnast med namn).

Gudstenestelivet i kyrkja, diakoni og trusopplæring.

Andre kyrkjesamfunn i Noreg.

Kontakt og dialog med andre trussamfunn.
Framgang for evangeliet.

4 | Vår (utgår: eigen) kyrkjelyd, familiane våre og staden der vi bur

Lokal kyrkjelyd, døypte, konfirmantar, born, unge og andre.

Menneske med leiaransvar i kyrkjelyden.

Aktuelle planar og prosjekt.

Gudstenestliv, diakoni og trusopplæring.

Enkeltmenneske, grupperingar og institusjonar i lokalsamfunnet: barnehagar, skular, sjuke- og aldersheimar og liknande.

Arbeidsplassar, familie, nære relasjonar, naboskap, alle som er saman i gudstenesta.

Menneske som har bede om forbøn.

Lokal forvaltarteneste og vern om skaparverket.

Kall til tru og teneste.

5 | Aktuelle hendingar

Ein bed for aktuelle hendingar i dei temaområda ovanfor der dei naturleg høyrer heime, eller ein kan be for dei i eit eige avsnitt.

II. modellar for lokalt tilrettelagde forbøner

Forbønsmodell 1 (følgjer temaområda)

Når denne bøna blir førebudd, bør det gjerast klart om ein berre skal nemna bøneemne, eller om det skal utarbeidast fullstendige bøner. Eit bøneemne bør vera kort og presist formulert og på den måten gje ei retning og vera til hjelp for den stille bøna til den enkelte.

Dersom ein utarbeider fullstendige bøner, kan den stille stunda i kvart bøneledd utelatast.

ML/L | Lat oss be for folk og nasjonar i verda.

ML | Vi bed for/om ... takkar for ...

Her nemner ein nokre konkrete bøneemne, eller det følgjer ei formulert bøn om temaet i overskrifta.

Stille bøn

Gud, vi bed.

K | Kyrkjelydssvar

ML/L | Lat oss be for vårt (utgår: eige) land og folk.

ML | Vi bed for/om ... takkar for ...

Her nemner ein nokre konkrete bønneemne, eller det følgjer ei formulert bøn om temaet i overskrifta.

Stille bøn

Gud, vi bed.

K | Kyrkjelydssvar

ML/L | Lat oss be for den verdsvide kyrkja og kyrkja i vårt (utgår: eige) land.

ML | Vi bed for/om ... takkar for ...

Her nemner ein nokre konkrete bønneemne, eller det følgjer ei formulert bøn om temaet i overskrifta.

Stille bøn

Gud, vi bed.

K | Kyrkjelydssvar

ML/L | Lat oss be for vår (utgår: eigen) kyrkjelyd og staden der vi bur.

ML | Vi bed for/om ... takkar for ...

Her nemner ein nokre konkrete bønneemne, eller det følgjer ei formulert bøn om temaet i overskrifta.

Stille bøn

Gud, vi bed.

K | Kyrkjelydssvar

Forbøna kan avsluttast slik:

ML/L | Stilt vil vi no leggja fram for deg det kvar av oss har på hjartet.

Stille bøn

Gud, vi bed.

eller

ML/L | I dine hender, Gud, legg vi alt og alle vi no har bede for,
i Jesu Kristi namn.

K | Kyrkjelydssvar

Forbønsmodell 2 (lystenning)

Denne modellen kan vera aktuell mellom anna i gudstenester der born og unge (til dømes konfirmantar) er med i førebuinga og gjennomføringa av gudstenesta.

Vel 3–6 av bønneemna og utform dei i samsvar med modellen nedanfor.

Eventuelt kan bønna disponerast etter temaområda (sjå side 2.45).

Kvart av bønneavsnitta kan gjennomførast slik:

ML/L | Lat oss venda oss til Gud i bøn.

Vi tenner eit lys for ...

Eit lys blir tent på ein lysglobe eller på eit bord med bønelys.

og takkar / bed for / om ...

Her følgjer ei eller fleire bønner for det bønneemnet lyset vart tent for.

Deretter kan det følgja:

Stille bøn

ML/L: Gud, vi bed.

Forbønsmodell 3 (salme)

Salmar kan òg brukast under forbøna, gjerne slik at ein syng dei vers for vers.

Det kan då utformast aktuelle bønner med utgangspunkt i kvart enkelt vers.

Døme på nokre salmar som kan høva:

Vi rekker våre hender frem ([N13 678](#))

Ver meg nær, å Gud ([N13 626](#))

Eg faldar mine hender små ([N13 731](#))

(Utgår: For alle born som ikkje har ei seng å sove i)

Da jeg trengte en neste ([N13 671](#))

Gi fred, å Herre Gud, gi fred ([N13 730](#))

Vår himmelske Far, kom nær til oss i nåde ([N13 632](#))

Forbønsmodell 4 (fire himmelretningar)

Denne modellen kan vera aktuell mellom anna i gudstenester med misjon og internasjonal diakoni som tema.

Ein utarbeider aktuelle bønner som har samanheng med kvar av dei fire himmelretningane. Det kan vera bønner for systerkyrkjer, menneske i konfliktar og katastrofar, for skaparverket eller aktuelle hendingar. Forbøn for takkofferet i gudstenesta kan ein plassera ved den himmelretninga der det er naturleg.

Forbøna kan innleiast slik:

ML/L | Lat oss be for kyrkja og verda ved å reisa oss og venda oss i dei fire himmelretningane.

Kyrkjelyden reiser seg.

1 | Aust

ML/L | Vi vender oss mot aust og bed for syskena våre der.

Kyrkjelyden vender seg mot aust.

Det kan tennast eit lys mot aust, på ein lysglobe eller på eit bord med fire bønelys.

Vi bed for / om ... / takkar for ...

Her følgjer ei eller fleire bønner som har samanheng med aust.

Den som bed, avsluttar bøna med:

Gud, vi bed.

A | Lat viljen din råda, lat viljen din råda,

lat viljen din råda på jorda, å Gud.

eller eit anna høveleg svar frå kyrkjelyden.

2 | Vest

ML/L | Vi vender oss mot vest og bed for syskena våre der.

Kyrkjelyden vender seg mot vest.

Det kan tennast eit lys mot vest, på ein lysglobe eller på eit bord med fire bønelys.

Vi bed for / om ... / takkar for ...

Her følgjer ei eller fleire bønner som har samanheng med vest.

Den som bed, avsluttar bøna med:

Gud, vi bed.

A | Lat viljen din råda, lat viljen din råda,

lat viljen din råda på jorda, å Gud.

eller eit anna høveleg svar frå kyrkjelyden.

3 | Sør

ML/L | Vi vender oss mot sør og bed for syskena våre der.

Kyrkjelyden vender seg mot sør.

Det kan tennast eit lys mot sør, på ein lysglobe eller på eit bord med fire bønelys.

Vi bed for / om ... / takkar for ...

Her følgjer ei eller fleire bønner som har samanheng med sør.

Den som bed, avsluttar bønna med:

Gud, vi bed.

A | Lat viljen din råda, lat viljen din råda,
lat viljen din råda på jorda, å Gud.
eller eit anna høveleg svar frå kyrkjelyden.

4 | Nord

ML/L | Vi vender oss mot nord og bed for syskene våre her (Utgår: vår eigen del av verda.)

Kyrkjelyden vender seg mot nord.

Det kan tennast eit lys mot sør, på ein lysglobe eller på eit bord med fire bønelys.

Vi bed for / om ... / takkar for ...

Her følgjer ei eller fleire bønner som har samanheng med nord.

Den som bed, avsluttar bønna med:

Gud, vi bed.

A | Lat viljen din råda, lat viljen din råda,
lat viljen din råda på jorda, å Gud.
eller eit anna høveleg svar frå kyrkjelyden.

Forbønsmodell 5 (bønevandring)

Bønevandring kjem som hovudregel under forbøna i gudstenesta (ledd 18), men kan eventuelt koma samstundes med nattverdsutdelinga, når ein har bedt ei felles forbøn i forbønsdelen. Om ein ber ein bøn for dei som har delteke på ulike bønevandringsstasjonar, kombinerar ein ikkje denne bønna med Takkebøn for nattverden etter måltidet.

Bønevandringa kan òg utvidast til å bli ei eiga vandregudsteneste.

Undervegs i vandringa bør det vera musikk, gjerne ei veksling mellom instrumentalmusikk og song, anten solosong eller korsong.

(Utgår: Bønevandringa kan ein ha under forbøna i gudstenesta, eventuelt samtidig med nattverdsmåltidet.)

Døme på stasjonar i bønevandringa:

- Stille bøn ved altarringen – høve til å knela ned i bøn og ettertanke.
- Personleg forbøn, eventuelt med handspålegging – på ein stad i rommet der ein kan vera litt for seg sjølv.
- Velsigning – den enkelte kan knela medan ein medliturg legg handa på hovudet og velsignar med ei fast formulert velsigning.
- Dåpspåminning – ved døypefonten. Den enkelte blir teikna med krossteiknet og høyrer eit lovnadsord.
- Bønekrukke – høve til å skriva bønelappar, eventuelt teikna bønner (for born og vaksne som uttrykkjer seg lettare med teikningar enn med ord). Vel gjerne papir i ulike fargar, med opplysning om at dei som skriv på eit ark med ein bestemt farge, ønskjer at bønene blir lesne opp. Bønelappane kan leggjast i krukker og berast fram til altaret når

bønevandringa er slutt.

- Lystenning – i lysglobe og/eller ein annan stad i rommet.
- Skriftemål – dei som ønskjer å få tilsagt forlating for syndene, kan knela ned ved stolar som er sette fram, og sanna syndene sine. Liturgen eller medliturgen legg hendene på hovudet til den som kneler, og seier tilseiingsorda: «Etter vår Herre Jesu Kristi ord og føresegn tilseier eg deg nådig forlating for alle dine synder, i namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.»
- Fotvasking – er mest aktuelt på spesielle gudstenestedagar, som på skjærtorsdag.
- Andre element, til dømes knytte til temaet i gudstenesta. Stasjonar som gjev informasjon om og hjelp til fordjuping. Symbolhandlingar, formingsoppgåver og liknande.
- Kunstverk som stad for ettertanke og bøn. Gjerne installasjonar eller samtidskunst som ein kan låna eller leiga av kunstnarar.

I gudstenester utan nattverd avsluttast bønevandringa med at ein bed Fadervår som fellesbøn.

I gudstenester der bønevandringa kjem samstundes med nattverdsmåltidet, avsluttar ein nattverdhandlinga med tilseiingsorda, og med takkebøna (ledd 23). Deretter kan nokre av bønene lesast dersom det er opplyst om det på førehand. Det heile kan avsluttast med denne eller ei anna høveleg bønn:

(Utgår: vandringa etter at alle har teke imot nattverden, og liturgen ser at det er tid for å avslutta vandringa. Då kan ein bera fram bønekrukker og setja dei på altaret. Deretter kjem tilseiingsorda i nattverden. Etter desse orda kan eventuelt nokre av bønene lesast (dersom det er opplyst om det på førehand), og det heile kan avsluttast med denne eller ei anna høveleg bøn:)

L | I dine hender, Gud, legg vi alt og alle vi no har bede for,
i Jesu Kristi namn.

III. formulerte forbøner

Forbøn 1

ML/L | For di kyrkje på jorda, for fellesskap mellom dei truande og framgang for evangeliet i heile verda bed vi deg, Gud.

K | **Kyrkjelydssvar** (kort svar frå kyrkjelyden – lese eller sunge)

ML/L | For di kyrkje i landet vårt, for biskopen vår og kyrkjelydane våre, for alle dine tenarar og medarbeidarar bed vi deg, Gud.

K | **Kyrkjelydssvar** (kort svar frå kyrkjelyden – lese eller sunge)

ML/L | Om vekst i trua gjennom Ord og sakrament, om truskap i bøna, om tolmod og glede bed vi deg, Gud.

K | **Kyrkjelydssvar** (kort svar frå kyrkjelyden – lese eller sunge)

ML/L | Om fridom og fred i verda, om brød til dei som svelt, om rettferd for flyktingar og forfølgde, og om fellesskap over grensene bed vi deg, Gud.

K | **Kyrkjelydssvar** (kort svar frå kyrkjelyden – lese eller sunge)

ML/L | For vår konge og hans hus, for alle som har leiaransvar mellom oss, bed vi deg, Gud.

K | **Kyrkjelydssvar** (kort svar frå kyrkjelyden – lese eller sunge)

ML/L | For alle sjuke og nedbrotne, for einsame og forlatne, for alle i freisting og fare bed vi deg, Gud.

K | **Kyrkjelydssvar** (kort svar frå kyrkjelyden – lese eller sunge)

ML/L | Om ditt nærvær i all naud, om kraft til å tena og til ein gong å nå det evige livet bed vi deg, Gud.

K | **Kyrkjelydssvar** (kort svar frå kyrkjelyden – lese eller sunge)

Eventuelt kan det følgja stille bøn innleidd med desse orda:

ML/L | Stilt vil vi no leggja fram for deg det kvar av oss har på hjartet.

Stille bøn

ML/L | avsluttar med:

Gud, vi bed.

K | **Kyrkjelydssvar** (kort svar frå kyrkjelyden – lese eller sunge)

Forbøn 2

Allmektige, evige Gud, vi takkar deg
og prisar ditt heilage namn,
for du er god og di miskunn tek aldri slutt.

Vi bed for den verdsvide kyrkja.

Gjev einskap mellom alle truande.

Lat evangeliet ha framgang i alle land.

Sjå i nåde til det folket du gav

dine lovnader i den gamle pakta.

Styrk forkynnarar og misjonærar

og alle som strir den gode striden i trua.

(Aktuelle bønneemne kan nemnast)

Hald oss fast i di sanning.

Det bed vi deg om, Gud.

K | **Kyrkjelydssvar**

Vi bed for kyrkjelyden vår.

Styrk oss gjennom Ordet og sakramenta. *(NB: Setninga er flytta fram foran «Gjev oss mot..»)*

Gjev oss mot og vilje til å tena deg i ord og handling.

(Utgår: så vi får kraft og vilje til å stå saman mot vonde krefter.)

Hald di vernande hand over barn og unge
og kall oss alle til eit liv i tro og teneste.

(Utgår: Kall konfirmantane våre til eit liv i tru og teneste)

(Aktuelle bønneemne kan nemnast)

(Utgår: Lei oss ved ditt ord og din visdom.)

Gjer oss nye i din nåde.

Det bed vi deg om, Gud.

K | Kyrkjelydssvar

Vi bed for menneske som har det vondt,
for sjuke og einsame,
for heimlause,
for flyktningar og krigsoffer,
for dei som lid urett og er undertrykte,
og for dei som nyleg er komne til landet vårt.

(Aktuelle bønneemne kan nemnast)

Hjelp oss å verna om menneskeverdet
frå livet byrjar til livet endar.

Det bed vi deg om, Gud.

K | Kyrkjelydssvar

Vi bed for verda.

Vara alle folk på jorda frå flaum og tørke,
og velsign oss med godt og tenleg vêr.
Styrk vår vilje til å ta vare på jorda du har gjeve oss.

Gjev fred og fridom for folk og nasjonar
og rettferd i samfunn, arbeidsliv og skule,

Velsign fellesskapa våre (Utgår: velsigning over arbeidet vårt)

og gjev oss evne og vilje til å dela rettferdig.

(Aktuelle bønneemne kan nemnast)

Gjev oss din fred.

Det bed vi deg om, Gud.

K | Kyrkjelydssvar

Forbøn 3

Evige Gud, skapar av himmel og jord,
vi takkar og lovprisar deg for all di miskunn mot oss.
Vi bed for ditt skaparverk.

(Utgår: Hjelp oss å forvalta det til beste for kvarandre.)

Vis oss korleis vi sjølve er ein del av alt du har skapt,
så vi kan verna om skaparverket slik som du vil.

Lei folk og nasjonar til å leva i fellesskap og fred.

Vara vår konge og hans hus.

Gjev visdom og mot til alle som har leiaransvar blant oss.

(Aktuelle bønneemne kan nemnast)

Fri oss alle frå misunning og mistenksame blikk,
og hjelp oss til å leva i fred og forsoning.

Gud, vi bed eller Det bed vi deg om, Gud.

K | Kyrkjelydssvar

Vi bed for alle som lever i fattigdom.

Gi (utgår: Ver) vern og ly for dei som er på flukt frå krig og katastrofar.

Vi bed om fred for Jerusalem og for alle
som knyter si von til denne byen.

(Utgår: Vi bed for det forsvarslause livet) (NB. Det er uklart hva som menes med dette).

Ver nær hos alle som er sjuke, og som treng hjelp.

Vi bed for alle som saknar fellesskap og kjenner seg utestengde.

Hald di vernande hand over barnet i mors liv.

Gjev kraft til (Utgår: Hjelp) dei som blir utsette for vald og overgrep.

(Aktuelle bønneemne kan nemnast)

Gjer oss til tenarar som kan lytta, lindra og lækja.

Gud, vi bed. eller Det bed vi deg om, Gud.

K | Kyrkjelydssvar

Vi bed for di kyrkje på jorda.

Fyll henne med din Ande.

Vern oss mot vrang lære og død tru. (Utgår: gudsdyrking).

Ver hos alle som blir forfølgde for ditt namns skuld.

Vi bed for biskopen vår (**namnet kan nemnast**)

og for alle med leiaransvar i kyrkja vår.

Vi bed for kyrkjelyden vår, for gudstjenester og samvær,
for dei som vart døypte / skal døypast i dag (*den/dei døypte blir nemnde med
fornamn*),

for foreldra, fadrane og andre som står dei nær.

Vi bed for konfirmantane våre.

Hjelp dei å finna din veg gjennom livet.

Lat dei kjenna seg omslutta av din kjærleik.

(Vi bed ... her kan det koma konkrete bønner som har samanheng med temaet)
Gjev oss eit ope sinn i møte med menneske som har ei anna tru eller
overtyding,
så vi (Utgår: ikkje fordømmer og snakkar usant) snakkar sant om kvarandre.
Gud, vi bed. eller Det bed vi deg om, Gud.

K | Kyrkjelydssvar

Gode Gud, vi bed for dei fellesskapa der vi høyrer til,
kyrkjelyden, familien, vener og grannelag.
Vi bed for barnehagane og skulane våre,
for bedrifter og arbeidsplassar
og for dei som er utan fast arbeid (Utgår: arbeidslause.)

(Utgår: Ver nær hos alle strevar med livet sitt.)

Gjev oss alle ein kvardag med meining.

(Aktuelle bønneemner kan nemnast)

Vi bed for heimane våre.

Lat truskap og respekt prega vår omgang med kvarandre.

Forbøna kan avsluttast slik:

Stilt vil vi no leggja fram for deg det kvar av oss har på hjartet.

Gud, vi bed. eller Det bed vi deg om, Gud.

K | Kyrkjelydssvar

Forbøn 4

Vår Far i himmelen.

Takk for at du skapte oss (Utgår:,og takk for at du skapte) jorda vi bur på.

Takk for at du kjenner (Utgår: oss) og elsker oss alle.

Hjelp oss til å ta vare på kvarandre og på alt (utgår:det) du har skapt.

Gud, vi bed.

K | Kyrkjelydssvar

Kjære Jesus.

Du kom til jorda vår og vart menneske som oss.

Du fann vener du kunne gleda deg saman med
og gråta hos.

Takk for evna vår til venskap.

(Utgår: Hjelp oss å vera til stades for kvarandre.)

Lat alle menneske finna nokon dei kan stola på.

Du har vist oss at alle menneske er like viktige
og (Utgår:like) verdfulle.

Ver hos alle som lid (Utgår: på grunn uforstand eller vondskaap.)

Lær (utgår:Hjelp oss til) oss å kjempa mot undertrykking og urett.

Gud, vi bed.

K | Kyrkjelydssvar

Gode heilage Ande.

Du har kalla oss til å vera di kyrkje. *(NB.Setninga er flytta fram for å tydeliggjere den treenige strukturen i bøna)*

Kom til oss med dine gåver, (Utgår:og hjelp til å)

så vi kan vera lys og salt i verda.

Vis oss (Utgår: Du viser oss) vegen vi skal gå.

og gjev oss vilje og kraft til å gå han.

(Utgår:Gjev oss visdom og styrke, så vi kan stå saman.)

Gud, vi bed.

K | Kyrkjelydssvar

Forbøn 5

Gud, du har skapt himmel og jord.

Vi takkar deg for alt liv.

Lær oss å ta vare på skaparverket ditt
og forvalta det med omsorg og visdom.

Gud, du elsker alle menneske.

Vi takkar deg for fridom og fellesskaap.

Gjev oss kraft til å vera støtte for dei svake
og kjempa for rettferd og fred.

Gud, du bur i hjarta våre.

Vi takkar deg for glede og livskraft.

Hjelp oss å følgja kallet frå deg
og gjev oss nåde til å leva i trua på deg.

Gud, du gjev kyrkja styrke.
Takk for alle som med livet deira har vitna om deg.
Hjelp oss å sjå din vilje
og gjev oss mot til å leva etter han.
I Jesu namn.
Amen.

IV. litani

Fredslitaniet

Ein kan be ei kort bøn med aktuelle bønemne etter dette litaniet. Eventuelt kan det avsluttast slik: «Lat oss stilt leggja fram for deg det kvar av oss har på hjartet.»

Litaniteksten kan òg danna mønster for utforming av aktuelle bønner, som kan erstatta enkelte eller alle bønene.

ML | Vi bed om velsigning.

L | Velsigna vere ditt rike, Fader, Son og heilag Ande, no og alltid og i all æve.

A | **Amen.**

Litaniet kan eventuelt byrja her.

ML | Lat oss be i fred til Herren.

A | **Herre, miskunna deg / Kyrie eleison.**

ML | Om fred frå det høge og frelse for vår sjel, lat oss be til Herren.

A | **Herre, miskunna deg / Kyrie eleison.**

ML | Om fred i heile verda, om samhald i Guds heilage kyrkje, og om einskap av alle, lat oss be til Herren.

A | **Herre, miskunna deg / Kyrie eleison.**

ML | For dette heilage huset og for dei som stig inn i det med tru, vørndnad og gudsfrykt, lat oss be til Herren.

A | **Herre, miskunna deg / Kyrie eleison.**

ML | For heile Guds folk, for alle tenarane i kyrkja vår, for prestane våre og for biskopen vår (*namn kan nemnast*), lat oss be til Herren.

A | **Herre, miskunna deg / Kyrie eleison.**

ML | For denne byen/bygda og for alle land og stader, og for dei truande som bur der, lat oss be til Herren.

A | **Herre, miskunna deg / Kyrie eleison.**

ML | Om tenleg vêr, om rikeleg grøde på jorda og om fredelege tider, lat oss

be til Herren.

A | Herre, miskunna deg / Kyrie eleison.

ML | For dei som ferdast til sjøs, på land og i lufta, for dei sjuke og for dei som lid, for fangar og deira frelse, lat oss be til Herren.

A | Herre, miskunna deg / Kyrie eleison.

ML | At vi må bli fridde frå all trengsle, vreide, naud og fare, lat oss be til Herren.

A | Herre, miskunna deg / Kyrie eleison.

ML | Hjelp oss, frels oss, miskunna oss og verna oss, Herre, i din nåde.

A | Herre, miskunna deg / Kyrie eleison.

ML | Lat oss koma i hug dei som var trugne heilt til døden, så vi overgjev oss sjølve og kvarandre og livet vårt til Herren Jesus Kristus.

A | Ja, til deg, vår Herre.

L | For sigeren, æra og makta tilhøyrrer deg, Fader, Son og heilag Ande, no og alltid og i all æve.

A | Amen. / Amen, amen, amen.

Litaniet

Dette mest tradisjonelle litaniet i kyrkja vår vart utforma av Martin Luther, på grunnlag av helgenlitaniet frå mellomalderen. Det har særleg vore knytt til fastetida og bots- og bøneda.

Kyrkjelyden kan syngja heile vers 2 og 8.

I gudstenester med nattverd kan det avsluttande «Å du Guds Lam» utelatast i litaniet.

1

A | Kyrie eleison, Gud Fader, miskunna deg.

Kriste eleison, Herre Krist, miskunna deg.

Kyrie eleison, heilag Ande, miskunna deg.

2

ML/L/A | Gud, vår Far i himmelen,

A | miskunna deg over oss.

ML/L/A | Herre Jesus, verdsens Frelsar,

A | miskunna deg over oss.

ML/L/A | Heilag Ande, vår trøystar,

A | miskunna deg over oss.

3

ML/L | Frå alle synder, frå all villfaring,
frå alt det som vondt er,

A | fri oss, kjære Herre Gud.

4

ML/L | Frå ein vond og brå død, frå krig og undertrykking,

frå ulukker og øydelegging,

A | fri oss, kjære Herre Gud.

ML/L | Frå den evige død,

A | fri oss, kjære Herre Gud.

5

ML/L | For Kristi heilage fødsels skuld,

for hans kross og hans død,

for hans sigerrike oppstode og himmelferd,

i vår lukkelege tid, i vår sorg og vår naud,

i vår siste time og på dommedag,

A | hjelp oss, kjære Herre Gud.

6

ML/L | Styr og lei di heilage kristne kyrkje,

og lat henne sameinast i di sanning.

Gjev kyrkja tenarar som held fast på ditt ord.

Verna oss mot vrang lære og død tru.

A | Høyr oss, kjære Herre Gud.

ML/L | Styrk kyrkjelyden vår med din Ande og di kraft.

Kalla dei villfarne heim att, og lat ditt ord ha framgang på jorda.

A | Høyr oss, kjære Herre Gud.

7

ML/L | Gjev fred og samhald i alle land.

Verna vårt folk og vår konge.

Vara vår jord og velsigna vårt arbeid.

A | Høyr oss, kjære Herre Gud.

ML/L | Hjelp alle som er i naud og fare.

Gjer vel mot dei som gjer vondt mot oss.

Miskunna deg over alle menneske.

A | Høyr oss, kjære Herre Gud.

ML/L | Jesus Kristus, Guds Son.

A | Herre, tak imot vår bøn.

8

ML/L/A | Å du Guds Lam, som ber all verdsens synder,

A | miskunna deg over oss.

ML/L/A | Å du Guds Lam, som ber all verdsens synder,

A | miskunna deg over oss.

ML/L/A | Å du Guds Lam, som ber all verdsens synder,

A | gjev oss din fred.

9

A | Å Herre, høyr vår bøn, og lat vårt rop nå fram til deg. Amen.

I fastetida blir litaniet avslutta med fastekollekten. Ein kan be nokre korte bønner mellom litaniet og fastekollekten. Eventuelt kan bønene avsluttast slik: «Lat oss stilt leggja fram for deg det kvar av oss har på hjartet.»

L/ML | Vi takkar deg, Gud, vår Far,
du som har gjeve oss din einborne Son, Jesus Kristus,
for at kvar den som trur på han,
ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.

Vi takkar deg, Jesus Kristus,
du som har bore syndene våre på din heilage lekam
og sletta ut vår skuld med ditt blod.

Vi takkar deg, heilage Ande,
du som gjev oss denne trua i hjarta våre
at Jesus Kristus er vår einaste redning og frelse.

Gud, gjev oss din nåde, så vi fullt og fast trur
at alle syndene våre er tilgjevne for Jesu Kristi liding
og døds skuld.

Styrk oss ved din heilage Ande, så vi dagleg står imot
synd og freisting og alltid held oss nær til Jesus,
inntil vi ser han andlet til andlet.

Vi bed i Jesu Kristi namn.

K | Amen.

Kyrkjeårsprefasjonar *(NB.Er ikkje endra)*

Liturgen messar eller seier fram kyrkjeårsprefasjonen.

Advent

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som du sende til frelse for verda for å oppfylla dei lovnadene du gav folket ditt gjennom profetane. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Jul og Maria bodskapsdag

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som for vår skuld vart menneske for at vi skulle bli dine born, frelste ut av mørkret og inn i ditt underfulle lys. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samsrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Openberringstida

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som openberra din herlegdom for verda, så den som følgjer han, ikkje skal vandra i mørkret, men ha lys og evig liv. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Faste

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som elska oss og gav seg sjølv for oss, så han vart lydig til døden, ja, døden på krossen. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og

tilbedande syngja:

Påske

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmektige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre. Han er det rette påskelam, som har bore våre synder, og ved si oppstode har han sigra over døden. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Helgetorsdag og søndag før pinse

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmektige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som fór opp til himmelen og no sit ved di høgre hand. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Pinse

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmektige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som sit ved di høgre hand og har sendt Den heilage ande over vitna sine, så ditt folk kan jubla i glede og forkynna dine store gjerningar på mange tungemål. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Treeiningstida

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmektige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som du sende til frelse for verda, for at vi ved hans død skulle få forlating for syndene og ved hans oppstode vinna det evige livet. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

eller

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmektige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre. Han er det levande brødet som kjem ned frå himmelen og gjev verda liv, så den som kjem til han, ikkje skal svelta, og den som trur på han, aldri skal tørsta. Ved han lovsyng englane din

herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

eller

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmektige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som kom til oss med himmelriket og forkynte den glade budskapen, så syndarar får sitja til bords i ditt rike. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

eller

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmektige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som gjorde oss til sine læresveinar og lova å vera med oss alle dagar så lenge verda står. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Helgemessesøndag og martyrdagar

I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmektige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som var Frelsar og førebilete for alle dine heilage som har fullført løpet og teke vare på trua. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Nattverdsbøner

Nattverdsbøn A

Innleiande lovprising

L | messar eller seier fram kyrkjeårsprefasjonen.

A syng | *Heilag* Sanctus

L/ML: | Vi prisar deg, heilage Gud, Skapar av himmel og jord, du som har elska verda og gjeve Son din, Jesus Kristus, for at han skulle frelsa oss frå synd og død og vinna deg eit heilagt folk.

L: Vi bed deg: Send din Ande over (utgår: oss og) desse gåvene, så vi (utgår: i tru) kan ta imot Jesus Kristus i brødet og vinen.

Innstiftingsorda verba

L | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av det. Dette beger er den nye pakt i mitt blod som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av han, så gjer det til minne om meg.

Etter innstiftingsorda kan liturgen og kyrkjelyden seia:

L | Mysteriet i trua er stort.

A | **Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.**

(Utgår: «Denne setninga kan leggjast til:» NB. *No skal den leggjast til*)

Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

L/ML | Nådige Gud, til minne om Son din, han som leid og døydde for oss, feirar vi med glede og takk dette måltidet i trua på hans sigerrike oppstode og himmelferd medan vi ventar på at han kjem att i herlegdom.

L/ML | Vi bed deg: Fyll oss med din Ande og kjærleik, så vi kan kjenna att Kristus i den som svelt og tørstar. Lær oss å elska kvarandre som han har elska oss, og lat oss ein gong samlast hos deg i ditt fullkomne rike.

A | *Fadervår*

Nattverdsbøn B

Innleiande lovprising

L | messar eller seier Vi takkar deg, (utgår: heilage) Gud, ved Son din Jesus Kristus.

Han er det evige Ordet, og ved dette Ordet skapte du alt. Då tida var inne, sende du han til verda som frelsar og frigjerar. Difor prisar vi deg, saman med alle dine heilage i himmelen og på jorda:

A syng | Heilag Sanctus

L/ML | Vi prisar (utgåar:lovar) deg Gud (utgåar: og takkar deg) for (Utgår:Son din), Jesus Kristus, din tenar. Han kom frå himmelen, og ved Den heilage ande (Utgår: Andens kraft vart han fødd av Maria møy) og Maria møy vart han menneske av kjøt og blod (Utgår: Han levde under same kår som oss og enda sitt liv) Han oppfylte din vilje då han strekte hendene ut på krosstreet. Slik gjorde han døden til inkjes, braut vondskapens lekkjer og openberra oppstoda frå dei døde (Utgår: for oss oppstoda av lekamen.)

Difor minnest vi hans død og oppstode når vi (Utgår: kjem fram for deg med desse gåvene) ber brødet og vinen fram for deg.

L | Vi bed deg: Send din heilage Ande over desse gåver (utgåar:dei), så dei for oss blir brødet til liv og begeret til frelse.

Innstiftingsorda verba

L | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han begeret (utgåar:kalken) etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av det. Dette beger (utgåar: Denne kalken) er den nye pakt i mitt blod som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av han, så gjer det til minne om meg.

Etter innstiftingsorda kan liturgen og kyrkjelyden seia:

L | Mysteriet i trua er stort.

A | **Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.**

(Utgår: Denne setninga kan leggjast til:)

Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

L/ML | Lat alle som får del i brødet og vinen, sameinast til eitt. Fyll oss med din heilage Ande og grunnfest oss i sanninga, så vi kan prisa deg i di heilage kyrkje no og i all æve. (Utgår: og leva til di ære).

A | **Fadervår**

Nattverdsbøn C

Innleiande lovprising

L | messar eller seier Å, for eit djup av rikdom og visdom og kunnskap hos deg, Gud! Himmelen fortel om din herlegdom, og jorda vitnar om dei verk dine hender har gjort. Saman med dei truande gjennom alle tider vil vi prisa ditt heilage namn:

A syng | **Heilag** Sanctus

L/ML | Heilag og miskunnsam er du, Gud,
som ikkje vende deg bort då mennesket synda,
men gav lovnaden din til Abraham om velsigning for alle folkeslag.
Mektig og trufast er du, som sette folket ditt fri frå trældom,
og fornya lovnadene gjennom profetane.
Då tida var inne, sende du Son din, fødd av Maria,
for å kjøpa oss fri og gje oss retten til å vera dine born.
Ved hans død på krossen forsona du alt med deg sjølv og skapte fred, og ved hans oppstode vart døden overvunnen.

L: Vi bed deg: Send din Ande over oss og dine gåver.
Samein oss i trua på din nåde, så vi kan ta imot Jesu lekam og blod til forsoning og fred, og forkynna hans død til han kjem.

Innstiftingsorda verba

L | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av det. Dette beger er den nye pakt i mitt blod som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av han, så gjer det til minne om meg.

Etter innstiftingsorda kan liturgen og kyrkjelyden seia:

L | Mysteriet i trua er stort.

A | **Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.**

(Utgår: Denne setninga kan leggjast til:)

Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

L/ML | Evige Gud, saman med alt som er skapt, ventar vi med lengsel på å bli frigjorde frå det forgjengelege og få del i den fridomen som dine born skal eiga i herlegdomen. Frå deg og ved deg og til deg er alle ting. Deg vere ære i all æve!

A | **Fadervår**

Nattverdsbøn D

Innleiande lovprising

L | messar eller seier fram kyrkjeårsprefasjonen.

eller

L | Vi prisar (utgår:lovprisar) deg, evige Gud,
du som har skapt verda og alt som er i henne.
Det er i deg vi lever, rører oss og er til.
Saman med din kyrkjelyd i himmelen og på jorda
lovsyng vi ditt heilage namn:

A syng | Heilag Sanctus

L/ML | Vi takkar deg, all miskunns kjelde. Du sende Son din. Han vart
krossfest og stod opp frå dei døde. Han opna skriftene og openberra seg for
venene sine då han braut brødet og gav dei.

L | No bed vi deg: Lat din heilage Ande koma over brødet og vinen (Utgår: oss
og dine gåver), så auga våre blir opna, og vi kjenner han att som vår krossfeste
og oppstadne Frelsar.

Innstiftingsorda verba

L | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka,
braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir
gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han begeret etter
måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av det. Dette beger er den nye pakt i
mitt blod som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk
av han, så gjer det til minne om meg.

Etter innstiftingsorda kan liturgen og kyrkjelyden seia:

L | Mysteriet i trua er stort.

A | **Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.**

(Utgår: Denne setninga kan leggjast til:)

Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

L: Heilage Gud, fyll oss med din Ande.

L/ML Gjev oss brennande hjarte, så vi i undring og glede tek vare på ordet
ditt og viser miskunn mot den som lid. Bli hos oss, også når vi tvilar og
sørgjer. Gå med oss, inntil sagn og smerte har vike for evig jubel og lovsong.

A | **Fadervår**

Nattverdsbøn E

Innleiande lovprising

L | messar eller seier fram kyrkjeårsprefasjonen, eller fylgjande ord.

L | Vi takkar deg, gode Gud, du som held himmel og jord i dine hender. Du har skapt oss i ditt bilete og gjeve oss livet i gåve. (NB. *Setninga er flytta opp frå bønna etter Sanctus*) Saman med englane og di kyrkje i himmelen og på jorda lovsyng vi (Utgår:lovprisar) ditt heilage namn:

A syng | **Heilag** Sanctus eller ein annan lovsong.

L/ML | Heilage Gud, vi takkar deg for Jesus Kristus, verdens frelsar. Han døydde og stod opp att for å gje oss evig liv (Utgår: så vi ved trua på han får tilgjeving for syndene og evig liv.) Vi takkar deg for gåva i dåpen, der vi blir fødde på nytt, og for nattverden, der du samlar oss som din store familie.

L Vi bed deg: Send din heilage Ande over oss og over brødet og vinen (utgår: dine gåver). Gjer oss til eitt med kvarandre og med Jesus Kristus.

Innstiftingsorda verba

L | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av det. Dette beger er den nye pakt i mitt blod som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av han, så gjer det til minne om meg.

Her kan fylgja: (utgår:Etter innstiftingsorda kan liturgen og kyrkjelyden seia:)

L | Mysteriet i trua er stort.

A | **Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.**

(Utgår: Denne setninga kan leggjast til:)

| **Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.**

L/ML | Gud, fyll oss med din Ande. Ta oss alle i din famn, slik ei kjærleg mor samlar borna sine om seg. (Utgår: Gjev oss å elska kvarandre, slik du elsker oss.) Lat dei små bli lyfte opp og dei svoltne bli metta med gode gåver.

Liturgen og/eller eitt eller fleire born seier:

Saman med alle dine born bed vi den bønna Son din har lært oss.

A | **Fadervår**

Nattverdsbøn F

Innleiande lovprising

L | messar eller seier fram kyrkjeårsprefasjonen, eller fylgjande ord.

L Evige, allmechtige Gud, du held himmel og jord i dine hender, du nemner oss alle ved namn, så vi skal høyra deg til og vera ditt folk på jorda. Saman med dei truande gjennom alle tider og med den store himmelhæren vil vi prisa ditt heilage namn.

A *Heilag* Sanctus

L/ML Heilage Gud, (Utgår: allmechtige Herre, nådige Far.) ,utan ende er di miskunn, og evig er ditt herrevelde. Du har fylt skaparverket med ljøs og liv; himmelen og jorda er fulle av din herlegdom. Gjennom Abraham lova du å velsigna alle folkeslag. Du berga Israel, ditt utvalde folk. Gjennom profetane nya du opp att lovnaden din. Og då tida var komen, sende du Son din, han som i ord og gjerning forkynte ditt rike og var lydig mot din vilje heilt til døden.

L Vi bed deg: Send din Ande over desse gåvene, så vi kan ta imot Jesus Kristus i brødet og vinen.

Innstiftingsorda verba

L | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av det. Dette beger er den nye pakt i mitt blod som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av han, så gjer det til minne om meg.

L/ML For kvar gong vi et dette brødet og drikk av begeret, forkynner vi Herrens død, heilt til han kjem.

(NB. I denne bøna er leddet *Mysteriet i trua* obligatorisk:)

L | Mysteriet i trua er stort.

A | **Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.**

(Utgår: Denne setninga kan leggjast til:)

| **Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.**

L/ML Difor, miskunnsame Far, vil vi med dette brødet og dette beger koma i hug at Herren gav livet for oss. Og i trua på hans oppstode ventar vi på at han kjem att i makt og herlegdom og vil halda sitt store gjestebod saman med sitt folk.

A Amen, ja, kom, Herre Jesus.

L Vi bed deg, allmektige Gud, vår skapar (**Utgår: Far**), gjev oss din heilage Ande. Lat oss kjenne krafta av Kristi oppstode, så vi som tek imot hans lekam og blod, kan leva til pris og ære for din herlegdom og få del i den arven som dei heilage får i ljuset.

A Amen, ja, kom, du heilage Ande.

L/ML Sameina bøna vår med bønene frå tenarane dine alle stader og gjennom alle tider, og med forbøna frå vår store øvsteprest, som alltid bed for oss, til dess han kjem med siger, som Herren over alle ting. Ved han og i samfunn med Den heilage ande skal all herlegdom og ære høyra deg til, allmektige Far, evige Gud, no og til evig tid.

A *Fadervår*

Nattverdsbøn G (ny)

Denne korte nattverdsbøna kan nyttast ved særskilde høve, til dømes når det er mange som vert døypt i gudstenesta. Også denne bøna kjem etter prefasjonsdialog (punkt 21) og før fredshelsing (punkt 22).

Innleiande lovprising

L | messar eller seier fram kyrkjeårsprefasjonen, eller fylgjande ord.

L Gode Gud, du har skapt oss og kalla oss ved namn. Du opnar de hand og mettar alt som lever med det gode. Saman med din kyrkjelyd i himmelen og på jorda lovsyng vi ditt heilage namn:

A Hellig Sanctus

L/ML Vi takkar deg for Jesus Kristus, vår Frelsar. Han er det levande brødet som kjem ned frå himmelen og gjev verda liv.

L Vi bed deg: Send din Ande over oss og gåvene dine, så vi i takk og tru kan ta imot Jesus Kristus i brødet og vinen.

Innstiftingsorda verba

L | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av det. Dette beger er den nye pakt i mitt blod som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av han, så gjer det til minne om meg.

Her kan fylgja: (utgår:Etter innstiftingsorda kan liturgen og kyrkjelyden seia:)

L | Mysteriet i trua er stort.

A | **Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.**

(Utgår: Denne setninga kan leggjast til:)

| **Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.**

L/ML | Saman med alle dine born bed vi den bøna som Son din har lært oss:

A | *Fadervår*